Avdeling for allmenne fag

EKSAMEN

031 PERSONSKATTELEGGING

11.12.04.

Målform:	Bokmål/nynorsk
Tid:	kl. 0900 – kl. 1300.
Sidetall:	9 sider(inkludert denne side).
Hjelpemiddel:	Norges lover Norsk skattelovsamling(Jarøy) Skattelovsamlingen(Gjems-Onstad) Særtrykk av skattelovsamlingen og andre lover med forskrifter. Batteridrevet kalkulator, med tomt minne
Merknader:	Alle oppgavene skal besvares. Uavhengig av årstall som er satt opp i oppgavene, skal du anvende gjeldende skatte- og avgiftsregler ved løsning av oppgavene, dvs de regler som er brukt i forelesningene høsten 2004. Hvis oppgavene inneholder ufullstendige eller uklare opplysninger, må kandidaten ta nødvendige forutsetninger. Disse forutsetningene må klart fremgå av kandidatens løsning. **Ved besvarelsen av oppgavene, skal alle svar begrunnes og det skal henvises til aktuelle lov- og forskriftsparagrafer.**
Vedlegg:	Ingen.

Eksamensresultata blir offentliggjort på lister med kandidatnummer, lagt i hyllene ved eksamensoppslagstavla, eller du kan gå inn på Arena høgskole – da trenger du heller ikke kandidatnummeret.

Bokmål

Alle tall som beregnes skal avrundes til nærmeste hele kroner.

Oppgave 1 (Anslått tidsforbruk: 100 minutter).

X1
Petter Pettersen er frem til 15.oktober X1 gift med Nora Norasen. De har vært gift i 10 år og har bodd i enebolig i Nome kommune hele tiden. De har barna Nils, 12 år(i X1) og Tone 8 år(i X1). 15.oktober X1 blir de separert og Petter flytter inn i en leilighet i Porsgrunn kommune. 10.desember X1 flytter han sammen med sin nye kjæreste i hennes hus i Skien kommune.

Spm. 1
Hvor mange skattesubjekt blir det for tidligere familien Pettersen i X1 og X2?

Spm. 2
Til hvilken kommune skal de forskjellige skattesubjektene bostedsbeskattes i for inntektsåret X2?

X2
Petter Pettersen er ansatt i Norsk Papirindustri AS som avdelingsleder. Nedenfor her får du oppgitt forskjellige fordeler han har hatt fra arbeidsgiver i løpet av X2, andre inntekter og kostnader.

Han har en brutto lønnsinntekt på kr. 407 000.

Han har hatt bil stilt til disposisjon fra arbeidsgiveren. Den har en listepris som ny på kr. 550 000. Han har kjørt 43 000 km i yrket. Kjøring mellom hjem og arbeid har vært 12 000 km og privatkjøring har vært 15 000 km.

Han har et langsiktig lån hos arbeidsgiveren på kr. 500 000. Dette lånet betaler han verken rente eller avdrag på. Lånet skal betales tilbake i sin helhet når han slutter i sin stilling i selskapet. Han fikk i tillegg fra sin arbeidsgiver 01.11.X2 et kortsiktig lån på kr. 30 000. Dette lånet skal tilbakebetales i sin helhet senest innen 01.07.X3. Det betales heller ingen rente på dette lånet.
Legg til grunn at normalrentesatsen for billige lån i arbeidsforhold for hele X2 har vært 2,5 %.

Han har fått dekket alle sine telefonkostnader hjemme(både fasttelefon og mobiltelefon).
Hans samlede telefonkostnader til henholdsvis fasttelefon og mobiltelefon er:

	Abonnement	Samtalekost.	Sum
Fast telefon	2 800	2 200	5 000
Mobil	2 400	2 600	6 000

Legg til grunn at Telenor Basis abonnementsavgift for X2 er kr. 2 800.

Årets julepresang fra arbeidsgiveren til alle ansatte var en kasse med forskjellig mat og alkohol. Den hadde en verdi på kr. 1 500.

Han er blitt trukket med kr. 4 500 i fagforeningskontingent for X2.

Han har avtale om individuell livsforsikring. Det er betalt kr. 26 000 i premie til denne livsforsikringen i X2.

Han har hatt renteinntekter på kr. 20 000.

Han eier en fritidsbolig i Vinje kommune. Den har en markedspris på kr. 1 500 000 pr. 01.01.X2. Fritidsboligen blir påbygd i X2 og denne påbyggingen blir avsluttet 25.06.X2. Påbyggingskostnaden ble kr 800 000. Ligningsverdi er kr. 250 000 pr. 01.01.X2.

Rentekostnader til Statens Lånekasse for utdanning er påløpt med kr. 5 000 og betalt med kr. 5 500.

Underholdsbidrag for barna er betalt med kr. 66 000.

Spm. 3
Hva blir personinntekten til Petter Pettersen for inntektsåret X2?

Spm. 4
Hva blir alminnelig inntekt for Petter Pettersen for inntektsåret X2?

Oppgave 2 (Anslått tidsforbruk: 20 minutter).

Ola Olasen som er 25 år og enslig, har følgende inntekter og formue for inntektsåret X2:

Ordinær personinntekt, kr. 600 000
Alminnelig inntekt, kr. 450 000
Netto skattepliktig formue pr. 31.12.X2, kr. 1 700 000.

Ola Olasen har betalt inn til sin BSU konto i X2 med kr. 15 000.

Spm. 1
Hva blir sum inntekts- og formueskatt for X2? Vis detaljert utregning.

Oppgave 3 (Anslått tidsforbruk: 120 minutter).

Tore Toresen driver selvstendig næringsvirksomhet, hvor han selger kjøkkeninnredninger. Han driver virksomheten fra et leide lokaler i Skien kommune. For X2 har han hatt følgende inntekter og kostnader eksklusiv skattemessige avskrivninger og før hensyntagen av nedenforstående opplysninger:

	Tekst:	Beløp:
+	Salgsinntekter, kontant	1 800 000
+	Salgsinntekter, kreditt	9 125 000
-	Varekjøp	8 548 250
-	Driftsutgifter, næringsbil	34 520
-	Vedlikeholdskostnader, næringsbil	15 500
-	Diverse andre driftskostnader	1 022 846
-	Tap på fordringer	52 000
+	Renteinntekter	12 000
-	Rentekostnader	25 000
-	Bankgebyrer etc.	1 250
=	Alminnelig inntekt før endringer og avskrivninger	+1 237 634

Ytterligere informasjon:

Varesalg.
Ti kunder har pr. 31.12.X2 betalt inn til sammen kr. 550 000 på forskudd, dvs på bestillingstidspunktet av sine kjøkken. Forskuddsinnbetalingen for X2 er registrert som salgsinntekter, kontant.

Varekjøp.
Et kjøkken, som er bestilt fra Danmark, er ikke ankommet lageret i Skien pr. 31.12.X2 pga forsinkelse i transporten. Salgsbetingelsene er at kjøkkenet skal leveres fritt til lageret i Skien, dvs risikoen for kjøkkenet har leverandøren fortsatt pr. 31.12.X2. Tilhørende faktura er allerede mottatt og registrert i varekjøpet for X2. Fakturabeløp er kr. 20 000.

Varebeholdninger.
Varebeholdninger, opptalt til anskaffelseskost, har følgende verdier:
- 01.01.X2, kr. 150 000 og
- 31.12.X2, kr. 180 000, eksklusiv kjøkkenet som er forsinket fra Danmark.

Tap på fordringer.
I X1 hadde selskapet konstaterte tap på kr. 45 000. Kredittomsetningen i X1 var på kr. 8 500 000. Skattemessig avsetning for X1 var kr. 10 420. I X2 har selskapet registrert alle konstaterte tap unntatt evt. en kunde. Tilgodehavende på denne kunden, kr. 50 000, er forfalt til betaling allerede i mars X2. Det har blitt purret 5 ganger i løpet av X2. Tore har sjekket kundens økonomi og funnet ut at vedkommende har mange betalingsanmerkninger og lite penger. Tore regner det som sikkert at det ikke er mulig å få betalt inn utestående på denne kunden. Saldo på konto for Kundefordringer er pr. 31.12.X2, før hensyntagen av opplysningene her, kr. 650 000.

Driftsmidler.
Det har blitt solgt en gammel kopimaskin for kr. 5 000 og det har blitt kjøpt en ny kopimaskin for kr. 20 000. Kopimaskinen som er solgt, ble ført inn på avskrivningssaldo, når den i sin tid ble innkjøpt. Bilkostnadene vedrører en varebil, som er godkjent som næringsbil. Bilens listepris som ny var kr. 350 000 og den er 4 år gammel. Det er kjørt 20 000 km i næring og 14 500 km mellom hjem og arbeid. Det har blitt solgt løsøre for kr. 20 000 og det er kjøpt ett nytt arkivsystem for kr. 25 000.

	Avskr.gruppe A	Avskr.gruppe C	Avskr.gruppe D
Avskrivn.saldo pr. 01.01.X2	55 244	244 854	68 452

Spm. 1
Hva blir alminnelig inntekt fra næringsvirksomheten for inntektsåret X2? Tore Toresen ønsker, hvis det valgmuligheter, at man velger de løsninger som gir lavest alminnelig inntekt. Beregn alminnelig inntekt ved å stille opp skattepliktige inntekter redusert for skattemessige fradragsberettigede kostnader.

Tore Toresen vurderer å kjøpe et kombinert bygg og drive sin virksomhet fra dette bygget i stedet for å leie lokaler. Det aktuelle bygget er ikke seksjonert og består av salgslokale, lagerlokale og boligdel. Det kan være aktuelt for Tore Toresen å flytte inn i en del av boligdelen.

Spm. 2
Hvilke skatteregler gjelder for kombinerte bygg for personlige næringsdrivende(ved kjøp, drift og salg, med og uten egen boligdel). Spørsmålet skal besvares generelt og alle skattemessige sider ved anskaffelse, eie og salg skal tas med i svaret..

Nynorsk

Alle tal som bereknast skal avrundast til næraste heile krone.

Oppgåve 1 (Berekna tidsforbruk: 100 minuttar).

X1
Petter Pettersen er frem til 15.oktober X1 gift med Nora Norasen. Dei har vært gift i 10 år og har budd i ein bustad i Nome kommune hele tida. Dei har barna Nils, 12 år(i X1) og Tone 8 år(i X1). 15.oktober X1 blir dei separert og Petter flytter inn i ei leilighet i Porsgrunn kommune. 10.desember X1 flytter han saman med sin nye kjæraste i hennar hus i Skien kommune.

Spm. 1
Kor mange skattesubjekt blir det for den tidligare familien Pettersen i X1 og X2?

Spm. 2
Til kva for ein kommune skal dei forskjellige skattesubjekta bostedsbeskattast til for inntektsåret X2?

X2
Petter Pettersen er tilsett i Norsk Papirindustri AS som avdelingsleiar. Nedanfor her får du oppgitt forskjellige fordeler han har hatt frå arbeidsgjevaren i løpet av X2, andre inntekter og kostnader.

Han har ein brutto lønnsinntekt på kr. 407 000.

Han har fått stilt til disposisjon ein personbil frå arbeidsgjevaren. Den har ein listepris som ny på kr. 550 000. Han har kjørt 43 000 km i yrket. Kjøring mellom heim og arbeid har vært 12 000 km og anna privatkjøring har vært 15 000 km.

Han har eit langsiktig lån hos arbeidsgjevaren på kr. 500 000. Dette lånet betaler han verken rente eller avdrag på. Heile lånebeløpet skal betalast tilbake når han sluttar i sin stilling i selskapet. Han fikk i tillegg frå sin arbeidsgivar 01.11.X2 eit kortsiktig lån på kr. 30 000. Heile lånet skal tilbakebetalast senast innan 01.07.X3. Det betalast heller ingen rente på dette lånet.
Legg til grunn at normalrentesatsen for billige lån i arbeidsforhold for hele X2 har vært 2,5 %.

Han har fått dekket alle sine telefonkostnader heime(både fasttelefon og mobiltelefon). Hans samla telefonkostnader til fasttelefon og mobiltelefon er:

	Abonnement	Samtalekost.	Sum
Fast telefon	2 800	2 200	5 000
Mobil	2 400	2 600	6 000

Legg til grunn at Telenor Basis abonnementsavgift for X2 er kr. 2 800.

Årets julepresang frå arbeidsgjevaren til alle tilsette var ein kasse med forskjellig mat og alkohol. Den hadde ein verdi på kr. 1 500.

Han er blitt trekt med kr. 4 500 i fagforeiningskontingent for X2.

Han har avtale om individuell livsforsikring. Det er betalt kr. 26 000 i premie til denne livsforsikringa i X2.

Han har hatt renteinntekter på kr. 20 000.

Han eig ein fritidsbustad i Vinje kommune. Den har ein marknadspris på kr. 1 500 000 pr. 01.01.X2. Fritidsbustaden blir påbygd i X2 og denne påbygginga blir avslutta 25.06.X2. Påbyggingskostnaden ble kr 800 000. Likningsverdi er kr. 250 000 pr. 01.01.X2.

Rentekostnader til Statens Lånekasse for utdanning er påløypt med kr. 5 000 og betalt med kr. 5 500.

Underhaldsbidrag for barna er betalt med kr. 66 000.

Spm. 3
Kva blir personinntekta til Petter Pettersen for inntektsåret X2?

Spm. 4
Kva blir alminnelig inntekt for Petter Pettersen for inntektsåret X2?

Oppgåve 2 (Berekna tidsforbruk: 20 minuttar).

Ola Olasen som er 25 år og einslig, har følgjande inntekter og formue for inntektsåret X2:

Ordinær personinntekt, kr. 600 000
Alminneleg inntekt, kr. 450 000
Netto skattepliktig formue pr. 31.12.X2, kr. 1 700 000.

Ola Olasen har betalt inn til sin BSU konto i X2 med kr. 15 000.

Spm. 1
Kva blir sum inntekts- og formueskatt for X2? Vis detaljert utrekning.

Oppgåve 3 (Berekna tidsforbruk: 120 minuttar).

Tore Toresen driver sjølvstendig næringsverksemd. Han sel kjøkken. Han driver verksemda frå et leid lokale i Skien kommune. For X2 har han hatt følgjande inntekter og kostnader eksklusiv skattemessige avskrivingar og før ein har teke omsyn til nedenforstående opplysningar:

	Tekst:	Beløp:
+	Salsinntekter, kontant	1 800 000
+	Salsinntekter, kreditt	9 125 000
-	Varekjøp	8 548 250
-	Driftsutgifter, næringsbil	34 520
-	Vedlikehaldskostnader, næringsbil	15 500
-	Diverse andre driftskostnader	1 022 846
-	Tap på fordringar	52 000
+	Renteinntekter	12 000
-	Rentekostnader	25 000
-	Bankgebyr etc.	1 250
=	Alminneleg inntekt før endringar og avskrivingar	+1 237 634

Ytterligare informasjon:

Salsinntekter.
Ti kundar har pr. 31.12.X2 betalt inn til saman kr. 550 000 på førehand, dvs på bestillingstidspunktet av sine kjøkken. Innbetalingane før levering for X2 er registrert som salsinntekter, kontant.

Varekjøp.
Et kjøkken, som er bestilt frå Danmark, er ikkje kommen til lageret i Skien pr. 31.12.X2 pga forseinka transport. Krav til salet er mellom anna at kjøkkenet skal leverast fritt til lageret i Skien, dvs risikoen for kjøkkenet har leverandøren enno pr. 31.12.X2. Tilhørande faktura er allereie mottatt og registrert i varekjøpet for X2. Fakturabeløp er kr. 20 000.

Lager av varer.
Lager av varer, opptalt til kostnaden ved innkjøpet, har følgjande verdiar:
- 01.01.X2, kr. 150 000 og
- 31.12.X2, kr. 180 000, eksklusiv kjøkkenet som er forsinka frå Danmark.

Tap på fordringar.
I X1 hadde selskapet konstaterte tap på kr. 45 000. Kredittomsetninga i X1 var på kr. 8 500 000. Skattemessig avsetning for X1 var kr. 10 420. I X2 har selskapet registrert alle konstaterte tap unntatt evt. ein kunde. Tilgodehavande på denne kunden, kr. 50 000, er forfalle til betaling allereie i mars X2. Det har blitt purret 5 gangar i løpet av X2. Tore har sjekka kundens økonomi og funnet ut at vedkommande har mange merknader på grunn av manglande betalingar og han har lite pengar. Tore regner det som sikkert at det ikkje er mulig å få betalt inn utestående på denne kunden. Saldo på konto for Kundefordringar er pr. 31.12.X2, før ein har teke omsyn til opplysningane her er kr. 650 000.

Driftsmidlar.
Det har blitt seld ei gammal kopimaskin for kr. 5 000 og det har blitt kjøpt ei ny kopimaskin for kr. 20 000. Kopimaskinen som er seld, blei ført inn på avskrivingssaldo, når den i sin tid ble innkjøpt. Kostnadane til bil, vedrører ein varebil, som er godkjent som næringsbil. Bilens listepris som ny var kr. 350 000. Den er 4 år gammal. Det er kjørt 20 000 km i næring og 14 500 km mellom heim og arbeid. Det har blitt seld lausøre for kr. 20 000 og det er kjøpt eit nytt arkivsystem for kr. 25 000.

	Avskr.gruppe A	Avskr.gruppe C	Avskr.gruppe D
Avskrivn.saldo pr. 01.01.X2	55 244	244 854	68 452

Spm. 1
Kva blir alminneleg inntekt frå næringsverksemda for inntektsåret X2? Tore Toresen ønskjer, når ein kan velja, at man vel dei løysingar som gir lavast alminnelig inntekt. Berekn alminnelig inntekt ved å stille opp skattepliktige inntekter redusert for skattemessige kostnader.

Tore Toresen vurderer å kjøpe eit kombinert bygg og drive sin verksemd frå dette bygget i staden for å drive frå leide lokalar. Det aktuelle bygget er ikkje seksjonert og består av butikklokale, lagerlokale og bustaddel. Det kan være aktuelt for Tore Toresen å flytte inn i ein del av bustaddelen.

Spm. 2
Kva for skattereglar gjeld for kombinerte bygg for personlige næringsdrivande(ved kjøp, drift og sal, med og utan egen bustaddel). Spørsmålet skal svarast på generelt og alle skattemessige sider ved kjøp, eie og sal skal tas med i svaret..